

Melding om vedtak

avd Mongstad SPAR Vest
Mongstadvegen 102

5954 MONGSTAD

Dykkar ref.

Vår ref.
12/121-12/3147

Arkivkode:
FA-U62

Dato:
08.05.2012

Særutskrift - Salsløyve for alkoholhaldig drikk, SPAR Vest, avd. Mongstad, perioden 2011 - 2015

Viser til vedlagte sak med vedtak.

Med helsing

Jan Olav Osen
rådmann

Olav Mongstad
assisterande rådmann

Det er etter forvaltningslova høve til å klaga på vedtaket til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen då vedtaket kom fram til påført adressat. Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har gjort vedtaket. Vedtaket det vert klaga over må førast på, og klagen må vera grunngjeven

Kopi til:
Alkoholkontrollørane

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	18.04.2012	026/12	Olav Mongstad

Saksansv.: Olav Mongstad	Arkiv: FA-U62	Arkivsaknr: 12/121 -4
--------------------------	---------------	-----------------------

Salsløyve for alkoholholdig drikk, SPAR Vest, avd. Mongstad, perioden 2011 - 2015

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	23.01.2012	avd Mongstad SPAR Vest	Søknad om salsløyve for alkoholholdig drikk, SPAR Vest, avd. Mongstad, perioden 2011 - 2015
2	I	26.01.2012	NAV Austrheim	Uttale salsløyve SPAR Mongstad frå NAV Austrheim
3	I	26.01.2012	Nordhordland Lensmannsdistrikt	Uttale salsløyve SPAR Mongstad frå Nordhordland Lensmannsdistrikt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Spar Vest avd. Mongstad vert gitt løyve til sal av alkoholholdig drikk mellom 0,7 – 2,5 volumprosent og 2,5 – 4,7 volumprosent alkoholholdig drikk.
2. Salstidene vert sett til:
Måndag – fredag kl. 09.00 – 20.00
Laurdag kl. 09.00 – 18.00
Elles gjeld alkohollova sine bestemmelsar for salstid.
3. Som styrar vert oppnemnd Camilla Bogetveit og stedfortredar Astrid Bakke.

Behandling i Kommunestyret 18.04.2012:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-026/12 Vedtak:

1. Spar Vest avd. Mongstad vert gitt løyve til sal av alkoholholdig drikk mellom 0,7 – 2,5 volumprosent og 2,5 – 4,7 volumprosent alkoholholdig drikk.
2. Salstidene vert sett til:
Måndag – fredag kl. 09.00 – 20.00
Laurdag kl. 09.00 – 18.00
Elles gjeld alkohollova sine bestemmelsar for salstid.
3. Som styrar vert oppnemnd Camilla Bogetveit og stedfortredar Astrid Bakke.

Særutskrift sendt:

Nb Spar Vest, avd. Mongstad
Alkoholkontrollørane

Dato: 03.05.2012**Sign:**

1. Saka gjeld:

Spar Vest, avd. Mongstad søkjar om salsløyve for alkoholholdig drikk i klasse 2 mellom 0,7 – 2,5 volumprosent (rusbrus og lettøl) og 2,5 – 4,7 volumprosent (øl). Dei har i dag slikt løyve og skal etter alkohollova søkja om nytt løyve innan 30. juni i ny kommunestyreperiode. Det dei søkjer om vert definert slik i alkohollova:

- *alkoholsvak drikk: drikk som inneholder fra og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol*
- *alkoholholdig drikk gruppe 1: drikk som inneholder over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol*

2. Saksopplysningar:

Utdrag frå alkohollova om bevilling:

§ 1-6. Bevillingsperioden.

Kommunal bevilling til salg av alkoholholdig drikk gruppe 2 og 3 kan gis for 4 år av gangen, og med opphør senest 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer.

Kommunal bevilling til salg av annen alkoholholdig drikk enn nevnt i første ledd og til skjenking av alkoholholdig drikk kan gis for perioder inntil 4 år, og med opphør senest 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Slike bevillinger kan dessuten gis for en bestemt del av året, og for en enkelt bestemt anledning.

.....

Endret ved lover 8 jan 1993 nr. 23, 23 juni 1995 nr. 42 (ikr. 23 juni 1995 og 1 jan 1996), 16 mai 1997 nr. 28 (ikr. 1 jan 1998), 17 des 2004 nr. 86 (ikr. 1 juli 2005 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 599), 6 mai 2011 nr. 13 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 6 mai 2011 nr. 466).

§ 1-7a. Kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad om bevilling for salg eller skjenking m.v.

Ved vurderingen av om bevilling bør gis, kan kommunen blant annet legge vekt på antallet salgs- og skjenkesteder, stedets karakter, beliggenhet, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske hensyn og hensynet til lokalmiljøet for øvrig. Det kan også legges vekt på om bevillingssøker og personer som nevnt i § 1-7b første ledd er egnet til å ha bevilling.

.....

Kommunen kan beslutte at det ikke skal gis mer enn et bestemt antall bevillinger til salg eller skjenking.

Tilføyd ved lov 16 mai 1997 nr. 28 (ikr. 1 jan 1998), endret ved lov 23 mai 2003 nr. 34 (ikr. 1 juli 2003 iflg. res. 23 mai 2003 nr. 626), 6 mai 2011 nr. 13 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 6 mai 2011 nr. 466).

Det er henta inn uttale frå Lensmann og NAV. Ingen av desse har merknader til søknaden. Lenemann har heller ikkje merknader til styrar og stedfortredar.

Søkjar har i dag salsløyve slik at det ikkje er noko endring i forhold til alkoholpolitisk plan når det gjeld dette løyvet.

Salstider:

Alkohollova seier dette om salstid:

§ 3-7. Tidsinnskrenkninger for salg og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol

Salg og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje fra kl. 08.00 til kl. 18.00. På dager før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl. 20.00 på hverdager, og etter kl. 18.00 på dager før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager.

Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai, og på stemmedagene for stortingsvalg, fylkestingsvalg, kommunestyrevalg og folkeavstemning vedtatt ved lov.

Endret ved lover 31 mai 1991 nr. 22, 16 mai 1997 nr. 28 (ikr. 1 jan 1998), 17 des 2004 nr. 86 (ikr. 1 juli 2005 iflg. res. 17 juni 2005 nr. 599), 6 mai 2011 nr. 13 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 6 mai 2011 nr. 466).

Butikkene i kommunen har no ei opningstid som strekker seg mellom kl. 06.00 og 23.00. I førre kommunestyreperiode kom det søknader om salstid for øl i butikkar si opningstid som gjekk utover normaltida i alkohollova. Kommunestyret sa nei til slik salstid når det gjaldt tidspunkt før kl. 09.00 om morgonen. Kommunestyret innvilga salstid inntil kl. 20.00 på kvardagar. Dette er likevel ei sak det nye kommunestyret kan ta sjølvstendig stilling til.

Søknaden frå Spar ligg utover normaltida i lova på ettermiddag alle dagar.

Dei søker om:

Måndag – fredag	kl. 09.00 – 20.00
Laurdag	kl. 09.00 – 18.00

Opningstidene for butikken er:

Måndag – fredag	kl. 06.00 – 23.00
Laurdag	kl. 08.00 – 21.00

I søknaden har dei såleis retta seg etter det signalet som førre kommunestyret gav om salstid for øl.

Dersom kommunestyret gjev løyve til sal utover kl. 18.00 på kvardagar, utvidar kommunestyret salstida utover normaltida i alkohollova. Det er fullt ut lovleg, jamfør utdraget frå alkohollova § 3-7 ovanfor. I Inneverande periode har dei hatt ei slik utviding til kl. 20.00. Det har ikkje vore gitt løyve til sal tidlegare enn kl. 09.00 om morgonen.

3. Vurdering:

Rådmannen vil tilrå fornying av salsløyvet fordi:

- Butikken har salsløyve no
- Det vert søkt om tid for sal av alkohol lik tida dei har i dag.
- Det er ikkje bestemmelsar i alkoholpolitisk plan som skulle tilseia å seia ned til søknaden.
- Styrary, Camilla Bogetveit og stedfortredar Astrid Bakke tilfredsstiller alkohollova sine krav til å få løyvet

4. Konklusjon:

Rådmannen tilrår slikt løyve.

1. Nb. Spar Vest avd. Mongstad vert gitt løyve til sal av alkoholholdig drikk mellom 0,7 – 2,5 volumprosent og 2,5 – 4,7 volumprosent alkoholholdig drikk.
2. Salstidene vert sett til:
 - Måndag – fredag kl. 09.00 – 20.00
 - Laurdag kl. 09.00 – 18.00
 - Elles gjeld alkohollova sine bestemmelsar for salstid.
3. Som styrar vert oppnemnd Camilla Bogetveit og stedfortredar Astrid Bakke.